

# MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Oktober 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

## FN-FRÅSEGNA OM RETTANE TIL BØNDER OG ANDRE ARBEIDSFOLK I BYGDER

På Verdas matdag 16. oktober i år la to stortingsrepresentantar frå partiet Raudt, Geir Jørgensen og Marie Sneve Martinussen, fram eit representantforslag med denne ordlyden: «Stortinget ber regjeringa tilslutte Norge til FN's erklæring om rettighetene til bønder og andre arbeidsfolk i bygder (UNDROP).» Forslaget inneber at Storting og regjering må ta stilling på nytt til tilslutnad til fråsegna.

Fråsegna er ei konkretisering og utdjuing av FN's menneskerettsfråsegn frå 1948. «Alle menneske er fødte til fridom og med same menneskeverd og menneskerettar», står det i artikkel 1 der. Det gjeld, står det i neste artikkel, «utan skilnad av noko slag på grunn av rase, farge, kjønn, språk, religion, politisk syn eller anna meining, nasjonalt eller sosialt opphav, eigedom, fødsel eller andre tilhøve».

På mange måtar er situasjonen for bygdefolk slik at konkretiseringar må til. Dette var bakgrunnen for at den internasjonale landbruksorganisasjonen La Via Campesina, der NBS er med, i 2001 tok til å arbeide for eit globalt dokument, eit manifest, for folk i primærnæringar og bygder, for småbønder, fiskarar, jegerar, nomadar, jordlause gardsarbeidarar, framarbeidarar i primærnæringane, sesongarbeidarar og urfolksgrupper. Desse gruppene til saman utgjer i alt over halvdel av verdas innbyggjarar. Det handlar om kvinner meir enn menn, om barn og eldre.

### MEKTIGE MOT MAKTESLAUSE

Me kan ta som døme ein situasjon med millionar parallellar i verda. Ein jordbrukar-familie har drive ein gard i titals eller hundretals år. Eit storselskap ønskjer hand om staden for å drive agroindustri, som industritomt eller byggefelt, for vindkraftverk, gruvedrift eller oljeutvinning.

Storsamfunnet møter selskapet med respekt. Selskapet har erfaringar frå liknande saker, kontaktar med topp-politikarar og embetsverk, profesjonelle informatørar som utformar lekre trykksaker, og dei når fram i media. Dei kan i mange høve forme

lover og reglar i si interesse, til dømes rett til patentering av biologisk materiale. Dei har gjennom organ som EØS og WTO fått utforma transnasjonale reglar slik dei vil ha reglane.

Den vesle bonden har i mange høve ikkje fullgode, underskrivne og tinglyste dokument på eigedommen. Ho eller han er utan kontaktar med politikarar eller embetsverk, utan erfaringar frå liknande saker, utan trening i å lese tunge dokument og å formulere sine syn skriftleg, ein av seks eller sju av verdas innbyggjarar er analfabatar, og dei har ikkje økonomi til å hente inn hjelp frå dyre advokatar. Den vesle bonden kan ikkje ta ein telefon eller skrive eit lesarinnlegg. Ofte blir ikkje ein gong språket hennar nytta eller forstått i eliten.

Det er altså den mektige mot den nesten makteslause. Om ei likebehandling skal finne stad, må det vere samfunnets oppgåve å sikre at interessa til den makteslause, og til naturen og økosystemet, veg like tungt som interessene til den mektige.

### INNHALDET

Dokumentet er ei konkretisering av menneskerettstenkinga for folk i bygder og bygdenæringar. Det er bygt opp på same måte som menneskerettsfråsegna, med 28 artiklar og vel 20 tekstsider, om rett til jord, husdyr, såfrø, vatn til drikke, hygiene, arbeid og val av driftsmåtar i eigen matproduksjon. Ofte er arbeidet småkårsfolk utfører, underbetalt eller ubetalt, og kvinners og barns arbeid meir enn menns. Ofte blir dei små utestengde frå marknader og varesal. Dokumentet handlar om fødsels- og eldreomsorg, helsevern, sanitære forhold, høve til kunnskapar og utdanning, arbeidstilsyn og juridisk og rettsleg hjelp og forsikringsordningar. Det handlar om språk, at språka til småkårsfolk og urfolk må respekterast og kunne brukast overfor embetsverket og i lover og kontraktar.

Liksom andre FN-fråsegner er fråsegna ikkje juridisk bindande, men retningsgivande for landa som sluttar seg til ho, og like eins for FN's arbeid i verdssamfunnet.

### NORGE I FN

Tala i generalforsamlinga i FN 17. desember 2018 var 121 land for, 8 mot og 52 som lét vere å stemme. Blant dei sistnemnde var Erna Solbergs Norge. Av vesteuropeiske land stemde Portugal og Sveits for. I begge desse landa var dokumentet grundig debattert føreåt. Storbritannia og Sverige stemde imot, saman med 6 andre land, Australia, Guatemala, Israel, New Zealand, Ungarn og USA.

Fråsegna er omsett til mange titals språk og spreidd blant småbønder verda over. Men enno ligg ikkje ei offisiell omsetjing til norsk eller samisk føre. Internasjonalt utval i NBS har omsett dokumentet til nynorsk. Interesserte kan få pdf-fil, sjå adresselista.

### NY SJANSE

Søramerikanske Colombia var blant dei 52 som lét vere å stemme i 2018. 10. mars i fjor gav dei FN beskjed om at dei sluttar seg til fråsegna.

Vår noverande regjering vil vere ei regjering for vanlege folk, utgjere ein global skilnad og arbeide for ein verdorden basert på folkeretten, står det i deira eige manifest, Hurdalsplattforma. Norge bør gjere som Colombia og slutte seg til fråsegna. Det vil vere i samsvar med vallovnader og med vårt mål om å leggje menneskerettane til grunn for eigen politikk.

Webinaret om matfor-syning i land i krig ble utsatt pga svikt i markedsføringen. Det vil bli gjennomført 4. november kl. 2000-2100. Innledere Robert Mood og Huda Ghalegolabi (Norsk folkehjelp). Innlogging via Norsk bonde- og småbrukarlags heimesider.

# NÅR NATUREN BLIR ØYDELAGD



73 %. Altså nesten tre firedelar. Dette er hovudtalet i rapporten *Living Planet 2024* frå WWF. Talet gjeld nedgangen i verdas ville dyrebestandar frå 1970 til i dag.

Å rekne individ eller grupper av ville dyr, fuglar, amfibiar, krypdyr og fisk er sjølvsagt ei vrien oppgåve, og resultatata må bli omtrentlege. Men i meir enn 50 år har forskarar verda over følgt, dei siste åra nesten 35.000 bestandar fordelte på 5495 artar, for å registrere endringar. Resultata blir offentleggjorde i *Living Planet*-rapportane, som WWF, Verdas naturfond, gir ut annakvart år. Dei har utvikla eit metodeverk for dette med tre indeksar, ein for liv på planeten, ein raudliste-indeks og ein indeks for biodiversitet, og samordnar desse. I heile perioden har det vore nedgang. Den siste og nyleg

framlagde rapporten viser at nedgangen held fram i alle verdsdelar, mest i tropiske og artsrike område, og at me for mange artar nærmar oss eller er i ferd med å passere vippepunkt eller tersklar.

Det registrerte er altså synleg dyreliv. Insekt og mikrobar av alle slag, over og under jorda, er det endå vanskelegare å registrere omfanget av. Mykje jordliv og mikrobiliv er også ukjend, truleg langt over halvdelan, men det er grunn til å sjå nedgangen i synlege og store artar som eit teikn på at endringane er like store for det vesle og usynlege.

Det dreiar seg i vår tid ikkje om dei veldige endringane som kuldeperiodar eller gigantvulkanar, men om dei mange og små, nesten usynlege endringane i naturen. Ein veg her, ei planering der, eit hyttefelt eller eit bustadområde, ein

snauhogst, ein skogbrann og ein til og ein tredje fordi heitebølgja kjem og brannsesongen blir lengre og lengre, overfiske med trålarar, rydding av skog til plantasje eller åker i større omfang enn det naturen tåler, forureining av dyras drikkevatt, sjukdommar som blir spreidde til nye område med transport av varer og menneske, framande artar som blir innførte og øydelegg lokalt liv, ukontrollert jakt på dyr med viktige roller i naturen, gruve-slam i kystfjordar og mange liknande inngrep frå menneskes side. Og det dreiar seg om klimaendringar, villrein som ikkje lenger har snøfjeller å unngå insekt på i solvarme dagar, malariamygg som spreier seg oppover mot høgfjell og nordover mot polen, alle dei plantene som ikkje toler heitebølgjer og som er viktige matplanter for dyr og fuglar, med meir. Og det dreiar seg om sekundære følgjer av inngrep, som at når temperaturane i høgfjell i alle verdsdelar stig og nedbøren kjem som regn og ikkje som snø, blir elvane i lågareliggjande område overfylte i regnperiodar og tomme bekkefar i tørkeperiodar, at jorda får ikkje vatn, veksten uteblir og både menneske og villdyr får for lite føde.

Me kan ta tapirar som døme. Dei er planteetande hovdyr og finst i regnskog og våtmarker i Sør-Amerika og Sørøst-Asia, og dei kan bli fleire hundre kilo tunge. Gjennom fordøyinga spreier dei plantefrø i skogen og bidreg til naturmangfaldet. Jakt og nedbygging gjer at bestandane er reduserte med meir enn 70 %. Det gjer at nye treslag, bartre, tek over for mangfaldet av tre, at det nye ikkje tek opp så mykje karbon og at klimaendringar skyt fart.

## BIODIVERSITET

Naturmangfald eller biodiversitet er så mangt, les me i rapporten. Det gjeld

**Genetisk mangfald**, altså variasjonen av genetiske trekk i ein populasjon, ein art eller eit økosystem. Genetisk mangfald er avgjerande for artens svar på endring. Blir bestanden eller arten til dømes ramma av ein sjukdom, finst i ei variert gruppe vanlegvis individ med veik og individ med sterkare motstandskraft. Desse sistnemnde lever vidare.

**Artsmangfald**. Stort artsomfang i eit område er teikn på eit sunt og motstandsdyktig økosystem som kan utføre ulike økologiske systemtenester. Monokulturar reduserer i staden stabiliteten til økosystemet.

**Populasjonsmangfald**. Små populasjonar er motstandsdyktige mot somme endringar, store populasjonar mot andre. Populasjonsmangfald gir difor tilpassnings- og overlevingsevne hos arten.

**Økosystem-mangfald** handlar om variasjonen av økosystem innanfor eit område. Ein kombinasjon av landbaserte, vassbaserte og havbaserte økosystem, av skog, grassletter, våtmarker, korallrev, elvar, bekker og innsjøar, gir grunnlag for eit breitt spekter av artar og økologiske prosessar.

**Økosystemets funksjonelle mangfald.** Det at næringskretsloop fungerer slik at primærproduksjon og nedbryting går føre seg, styrker økosystemets motstandskraft.

## I FERSKVATN

Hardast ramma er artane i ferskvatn. Der har nedgangen vore heile 85 %. På landjorda har 69 % vorte borte, og av marine artar 56 %.

Hardast ramma av verdsdelane er Latin-Amerika og Karibia, der 95 % av dei overvaka dyrebestandane har gått attende. I Afrika er talet 76 %, i Asia og Stillehavsområdet 60, i Nord-Amerika 39 og i Europa 34 %.

## DRIVKREFTENE BAK

**Område- eller habitattap eller -sveking.** Miljøet blir forringa eller øydelagd, på grunn av landbruk som ikkje er berekraftig, hogst, vegbygging, bustad- eller industribygging, kraftproduksjon, gruvedrift eller andre inngrep, eller til havs botntråling, mudring og utsepp av gruveavfall.

**Overutnytting:** Ikkje berekraftig jakt og krypskyting eller hausting, eller som attåtfangst ved fiske.

**Klimaendringar:** Somme artar tilpassar seg, andre ikkje, somme kan flytte til nye område, andre ikkje. Ofte fører klimaendringar til sesongendringar, som at regntida kjem før eller varar lenger, og dyr som er tilpassa plantevekst og får avkommet før det, no kjem i utakt med naturen.

**Forureining** kan gjelde planter, drikkevatt for alle organismar eller oljeutsepp eller kjemikal som øydelegg dyrs reproduksjonsevne.

**Invaderande artar eller gen** som konkurrerer med stadeigne om plass, mat og andre ressursar, eller som er rovdyr.

**Sjukdommar:** Artar som vandrar, også menneske, kan føre framande sjukdommar inn i område, der artane ofte ikkje har fått opparbeidd motstandskraft mot sjukdommane.

Afrikansk skogelefant er eit døme på ein kritisk truga art. Nesten halvparten av individa lever i Gabon. Ei hovudårsak til nedgangen er krypskyting frå Gabon og Kamerun for ulovleg handel med elfenbein. Arten er redusert med 78-81 %, og forskarar fryktar at den snart er borte.

Chinook-laks, den største og mest verdifulle arten av stillehavslaks, har minka med 88 % sidan 1970. Laksen treng kaldt ferskvatn for gyting, men vandringsruta har vorte øydelagd eller svekt på grunn av damanlegg og redusering og difor varmare elvelaup på grunn av

klimaendringane.

Langs vestkysten av Nord-Amerika har klimaendringane ført til langt fleire skogbrannar, som øydelegg nåleskogen og livet i den. Med stuttare vintrar blir brannsesongane lengre. Barkebiller har øydelagd milliardar tre og ført til nye brannar og øydelegging av heile økosystem. Risikoen er stor for at nåleskogene blir til kratt- og grasland. Nyttan innbyggjarane hadde av desse skogane, tømmer, ved, karbonlagring, rein luft, vass-filtrering og rekreasjon, kan vere tapt for alltid.

## MATPRODUKSJON

Matproduksjon, og spesielt agroindustrien, står for ein stor del av naturødeleggingane og artsreduksjonen blant ville dyr. Landbruket står såleis for 90 % av raseringa av tropiske skogar, 27 % av klimautsleppa og 70 % av øydelegginga av ferskvatnet.

Rapporten skriv: «Mangfaldet av det me produserer, har gått ned dei siste

hundre åra. Meir enn 90 % av avlings-sortane har forsvunne frå bøndenes åkar, og halvparten av rasane til mange husdyr har gått tapt, slik at 10 planteslag – bygg, kassava, mais, oljepalme, raps, ris, sorgum, soyabønner, sukkerroer og kveite – står for ~83 % av alle hausta matkalo-riar. Industrifiske finn stad i meir enn halvparten av havet (>55 %), sjølv om det meste av fisket er konsentrert i grunne soner og kystsoner, noko som fører til aukande habitatssvekking og risiko for at truga artar blir borte.. I tillegg har over 3 millionar hektar med mangroveskogar og andre kysthabitat vorte omgjorde for akvakultur, spesielt reke- og tilapiaoppdrett, og dette held fram.»



Kor mange jordkloder trengst i 2050 for å gi nok mat om alle land går over til det forbruksmønsteret dei nemnde landa har i dag. Den oransje, vertikale lina viser klimagrensa for matproduksjon ved eit utsepp av drivhusgassar innanfor 1,5-gradersmålet. Graf frå rapporten.

# FRA MATSIKKERHET TIL MATSUVERENITET

Dr. FAAZIL BASHIR RATHER

Matsikkerhet forutsetter matsuverenitet. Verdens framtid avhenger av bærekraftige og regenerative matproduksjonssystemer. Vi produserer nok mat til å brødfø befolkningen på over 8 milliarder, men så mange som 828 millioner mennesker har ikke nok mat hver dag. Globalt har alvorlig matusikkerhet økt fra 9,3 prosent av innbyggerne i 2019 til 11,7 prosent i 2021. Vi har noen få år igjen til 2030 for å nå målet om å få slutt på sult, med matusikkerhet og alle former for underernæring, men nå beveger verden seg i feil retning. Det er anslått at nesten 670 millioner mennesker (8 prosent av verdens befolkning) fortsatt vil være underernærte i 2030.

## VERDEN STÅR OVERFOR EI MATKRISE AV VELDIG OMFANG,

den største i moderne historie. Fra pandemien til klimaendringer til økende konflikt, krisa er i ferd med å komme ut av kontroll og avslører de strukturelle svakhetene og underliggende manglene i vår matproduksjon. Det er behov for en massiv oppskalering av investeringer i landbruk og langsiktig bygdeutvikling fra myndigheter, investorer og private aktører, med sikte på å sikre ernæringsikkerhet og matsuverenitet.

Fra IPCC-rapporter<sup>1</sup> via COP27<sup>2</sup> til COP15<sup>3</sup> er det økende konsensus og anerkjennelse av den sentrale betydningen til produksjonsmåter for å levere bærekraftsmålene, for å mestre klimaendringer, sikre arbeid og overvinne den stille pandemien som global underernæring utgjør. Kritikere sier at hele forsyningskjeden fra «jord til bord» er monopolisert av det industrielle selskapssystemet, til fordel for en håndfull gigantiske selskaper. Denne maktkonsentrasjonen gjør det mulig for store bedrifter å fjerne konkurranse, heve prisene, kapre forsknings- og utviklingsagendaen, monopolisere teknologier og maksimere profitten. Dagens matproduksjon har ikke klart å gjøre næringsrike dietter tilgjengelige eller rimelige for de fattige. Som en konsekvens er verden vitne til forverret akutt sultkrise og elendighet. Noen kommentatorer mener at agribusiness-modellen har gjort bondelandbruk og pastoralisme til offer for kannibalisme. For å endre denne fortellingen er det avgjørende i denne tiden med mat-, helse- og miljøkriser å anerkjenne betydningen av ikke-industriell matproduksjon. Vi trenger nytenkning, og det er behov for overgang til agroøkologi og regenerative tilnærminger. Der kan matsuverenitet innebære en vei fremover

1 FN's klimapanel  
2 FN's klimakonferanse nr. 27 i Sharm El-Sheikh i Egypt 6.20. november 2022  
3 FN's biodiversitetskonferanse i Montreal i Canada 7.-19. desember 2022

til en robust og bærekraftig fremtid.

**MATSUVERENITET ER ET RELATIVT NYTT BEGREP**, men de grunnleggende prinsippene bak samsvarer med mange urfolks kulturelle praksiser, slik de allerede har eksistert i samfunn i tusentalls år. Det handler om å gjeninnføre tradisjonelle prosesser for matproduksjon og distribusjon. Begrepet matsuverenitet er laget av den agroøkologiske bevegelsen på 1990-tallet, den globale småbrukerbevegelsen 'La Via Campesina', og omfatter 'folks rett til sunn og kulturelt passende mat produsert gjennom økologisk sunne og bærekraftige metoder, og folkenes rett til å definere sine egne mat- og landbrukssystemer'. Begrepet anerkjenner mat som en grunnleggende menneskerett og oppmuntrer til omforming av produksjonsmåter, kreve behov for jordbruksreformer og legge vekt på demokratisk kontroll over matproduksjonen.

## MATSUVERENITET ER LOKALE, BÆREKRAFTIGE MATØKONOMIER.

Utryddelse av sult er innen rekkevidde. Metoden for å nå dette målet er svært forskjellig fra den intensive landbruksmodellen. Tanken er å styrke lokale produsenter og dermed la lokalsamfunn ha kontroll over måten mat produseres, handles og konsumeres på. Dette vil bli en produksjonsmåte for å hjelpe mennesker og miljø, i stedet for at hovedtanken skal være penger for selskaper og markedsinstitusjoner. Matprodusenter, distributører og forbrukere er plassert i hjertet av matproduksjonen. Inkludering er en hjørnestein i matsuverenitetens rammeverk. Det innebærer å vektlegge mat for mennesker, verdsette matprodusenter, lokalisere produksjonsmåter, sikre lokal kontroll og utvikle kunnskaper og ferdigheter. Konseptet baseres på hvert samfunns rett til å opprettholde og utvikle sin egen kapasitet til å produsere sin basismat. Det fremmer beskyttelse av naturressurser og biologisk mangfold og er klimarettferdig.

Matsikkerhet er målet, og matsuverenitet en måte å nå dit på. I India er folk heldigvis knyttet til maten sin, og den vanlige praksisen med å dyrke og tilby god mat regnes som overordnet, det høyeste *dharma*. National Food Security Act (NFSA) er en viktig lov for å garantere retten til mat for indiske borgere og forventes også å sikre matsuverenitet i landet. Matsikkerhet og matsuverenitet krever at staten anskaffer matkorn fra bønder på rettferdig vis og dermed sikrer rettferdig fordeling av maten til folket. Videre har MGNREGA<sup>4</sup> styrket matsikkerheten til Indias bygder med å gi dem sårt tiltrengt sysselsetting og forbedre den generelle kjøpekraften som fører til at

4 Mahatma Gandhis visjon om å trygge levevilkårene for landsbefolkningen i India med å tilby minst 100 dagers garantert lønnsarbeid i året, når voksne familiemedlemmer frivillig gjør manuelt arbeid.

basisbehov kan dekkes. Desentralisert lagring og distribusjon av matkorn kan fungere som en reell game changer og kan bane vei for å sikre matdemokrati.

**VI ER VED ET KRITISK VENDEPUNKT.** For å avverge sultkatastrofen verden står overfor, er det på tide å samarbeide og støtte matsuverenitet, som har potensial til å gi næring til verden og gir muligheter for å returnere makt (og mat) til bønder, bygder, landsbyer og byer. Å fremme bruk av lokal mat og bærekraftig kosthold skal gi et nyttig veikart for å støtte agroøkologi og matsuverenitet. Begrepet matsuverenitet er komplementært til matsikkerhet. Det omfatter den menneskelige dimensjonen med vekt på gjenforening mellom mennesker, mat og natur. Etter hvert som verden blir mer skjør, innebærer det å bygge matsuverenitet og sikkerhet ved å styrke lokal motstandskraft, sikre lokal produksjon og etablere fungerende markedsinstitusjoner, og således oppfylle globale forpliktelser for å utrydde sult innen 2030.

**VI HAR IKKE TID Å MISTE.** Det er på tide å oppfordre til endring **NÅ**, og situasjonen krever et dristig paradigmeskifte til motstandsdyktige og bærekraftige produksjonsmåter. Den neste omformingen av matproduksjonen må være basert på biologisk mangfold og bygge på matsuverenitet. Dette er bare begynnelsen, og nå er tiden inne for å ta matsuverenitet inn i våre politiske rammer. Vi er nå inne i det siste tiåret med FN's bærekraftsmål, og det er på tide å skifte fokus fra matsikkerhet til matsuverenitet.

(Forfatteren er veterinær og teknisk ansvarlig for fjorfe i direktoratet for husdyrhold i Kashmir. Oversatt og gjengitt med tillatelse fra forfatter.)

INTERNASJONALT UTVAL NORSK

BONDE-

OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,  
e-post [margit@smabrukarlaget.no](mailto:margit@smabrukarlaget.no)  
Jens Erik Furulund,  
e-post [jenserik.furulund@gmail.com](mailto:jenserik.furulund@gmail.com)  
René Cortis,  
e-post [rene.cortis@gmail.com](mailto:rene.cortis@gmail.com),  
Audun Emil Tvedten,  
e-post [audun.e.tvedten@gmail.com](mailto:audun.e.tvedten@gmail.com)  
Olav Randen,  
e-post [boksmia@online.no](mailto:boksmia@online.no)